



Alver kommune v/byggesak  
Larissa Dahl  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar: e726efba-5894-4d30-  
b8c7-f6c7bfba3322  
Vår: 21/7727 - 21/66563

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
05.10.2021

## **Uttale frå landbruksavdeling til søknad om dispensasjon for kjøreveg fram til hytte på gbnr 351/50 Landsvik**

Tiltak:kjøreveg til hytte  
Byggjestad:Gbnr: 351/50  
Tiltakshavar:Terje Jan NilsenAnsvarleg  
søkjjar:Terje Jan Nilsen

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av veg på ca. 24 meter til hytte på gbnr 351/50 over hovudbruket på gbnr 351/3 på Landsvik.


Det vedlagte kartgrunnlaget er for dårleg til å kunna vurderer om vegen kjem inn på innmarksbeite, og difor krev omdisponering etter jordlova. Gardskartet syner arealet som grensar til gbnr 351/112 som bebygd/samferdsel, og vert vegen liggjande i denne sona krev det ikkje løyve til omdisponering etter § 9 i jordlova.

Arealet forbi løa og sørvestover er i gardskart registrert som innmarksbeite, men ser ut til å vera i attgroing og det er tvil om arealet fyller krava til denne markslagskategorien. Det vil eventuelt vera naudsynt med synfaring for å fastslå dette. Aktuelt markslag vil då vera skog.

Landbruksavdelinga er ikkje samd med søkjjar at ein har rett til å få kjøreveg fram til alle hytter, og at dette må vurderast konkret i kvar enkelt sak utfrå omsyna som skal takast i vare av planføremålet. Arealet er avsett til LNF-spreidd bustad, men det vil framleis vera omsynet til landbruk, natur og friluftsliv som skal vega tyngst i dette området.

Generelt er det lite ynskjeleg med trafikk gjennom tun og landbruksareal for erfaringsmessig kan det oppstå konflikter mellom landbruk og andre føremål. Hytta vart imidlertid bygd for lenge sidan, så det vert lagt til grunn at ferdselen allereie er etablert. Utfrå dette kan ein ikkje sjå at situasjonen vert verre for landbruket om det vert bygd veg dei siste 24 meter fram til hytta. Dersom det vert gitt dispensasjon bør det vera eit vilkår at vegen vart lagt så nær nabogrensa mot gbnr 351 for å unngå at det vert eit restareal mellom vegen og tomtegrense.

Landbruksavdelinga tek ikkje stilling til dei privatsrettslege sidene ved saka.



Figur 1 gardskart. Lysgul farge er markslag innmarksbeite og rosa farge er areal registrert som samferdsel eller bebygd areal

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune v/byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG